



Atr Eiendom AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2439 - 18/27765

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

11.09.2018

Løyve til frådelling - gbnr 212/132 Eikanger øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 480/18

Heimelshavar:

Søkjjar:

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av om lag 7000 m² frå gbnr. 212/132, parsell nr 11 innafor delområde KBA1 i gjeldande reguleringsplan for Eikanger næringsområde.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.08.2018 .

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Eikanger næringsområde plan-id 1263-201114 er definert som næringområde.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 14.08.2018.

Tomta er merka som parsell 11 og ligg innafor delområde KBA1.

Vatn og avløp (VA)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til offentlege vass- og avlaupsleidningar, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Tomta inngår i godkjent VA-rammeplan vedteke 21.11.2017 i saknr. 17/3401. Tomta skal knyttast til kommunalt vatn- og avlaupsanlegg.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Avkøyrsløse til offentlig veg (E39) er godkjent av vegstyresmakta i sak 14/6930 vedtaksdato 02.10.2015. Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Det er gjeve løyve til interne anleggsveger i feltet, men endeleg vegtrasé er ikkje vedteke.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Vurdering:

Det er i vedtak 14/6930-15/24184 gjeve løyve til planering av delområdene KBA1 og KBA2, og tomte vert vurdert utifrå denne søknaden og vedtaket. Planeringshøgde går fram av plankart vedleg D2 i søknad om rammeløyve motteke her den 06.05.2015. Tomta er vurdert til å stetta krava satt i plan- og bygningslova § 26-1.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 14.08.2018.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 7000 m² frå gbnr.212/132.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 7000 m² frå gbnr.212/132 på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 14.08.2018, jf. pbl. § 29-4.
- Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atr Eiendom AS
Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035
Sandviksbodene 5 5035

BERGEN
BERGEN